


VA-rammeplan

til detaljplan

for Felt F11B, gbnr. 61/1 m.fl. i Sykkylven kommune

Utarbeidd av: Ha-Plan AS

Dato: 15.08.2022. Sist revidert: 11.09.2024



Planforslag frå Leite og Hovden, datert 28.06.2024

Den er basert på krav i Forskrift om utsepp frå separate avløpsanlegg i Sykkylven kommune og VA-norm for Sunnmøre.


Formål

VA-Rammeplanen er utarbeidd i samband med detaljregulering av området, og viser forslag til prinsipp-løysingar for vatn- og avløpsanlegg for planlagt hytteområde.

Rammeplanen skal vere i tråd med overordna hovudplanar og vil vere retningsgjevande for vidare detaljprosjektering.

Utarbeidd plan

Nedanfor er vist korleis ein kan etablere vatn- og avløpsanlegg for nye og eksisterande fritidsbustader i området F11B.



Plan for VA-anlegg i området pr. 11.09.2024. Plankartet er også vedlagt i større målestokk, teikning 2039-01-B.

1. Generelt

- 1.1. Det er utarbeidd ein VA-plan som løysar utfordringane med vatn- og avløpsanlegg for eksisterande og planlagt fritidsbebyggelse innanfor F11B. Det er også tatt omsyn til at eit framtidig hyttefelt på nordsida av kommunevegen kan knytte seg til planlagte løysingar for

vatn og spillvatn. Løysingane må også vere gode på lang sikt fordi alternativ løysing for VA (kommunal løysing) er usikre når og korleis den kjem.

Løysingane er innretta slik at anlegga eventuelt kan tilknytast framtidige fellesanlegg for vatn- og spillvatn når desse blir etablert.

- 1.2. Vedlagt oversiktsteikning (2039-01-B) viser prinsippa for planlagt utbygging. Hovudtraseane for vatn og spillvatn er primært lagt i vegar og langs tomtegrenser. Planteikninga viser hovudleidningar for vatn og avløp, samt utstikk til alle tomtene. Det er også skissert plasseringar av midlertidige anlegg for brønn til vassforsyning og reinseanlegg for spillvatn i påvente av eventuell utbygging av overordna vatn- og avløpsanlegg. Ettersom det er usikkert når dei kommunale løysingane blir etablert må desse anlegga utførast slik at dei også kan fungere på lang sikt.
- 1.3. Planlagte VA-anlegg er så langt mogeleg lagt i planlagte vegtrasear for å sikre god tilgjenge for framtidig vedlikehald. Tank for brannvatn er plassert ved eksisterande pumpebrønn for vatn som godt tilgjengeleg for brannbil slik brannvesenet ynskjer.
- 1.4. Fall på leidningar er vurdert slik at vi er sikre på at planlagte løysingar er gjennomførbare.
- 1.5. Det er ikkje klausulerte område for drikkevasskjelder i området.
- 1.6. Alle anlegga i feltet er antatt å bli private anlegg.

2. Vassforsyning og sløkkevatn

Det er etablert ein pumpebrønn for grunnvatn ved området som er merka A på oversiktskartet. Eksisterande hytter har allereie vassforsyning frå denne pumpebrønne. Desse traseane er ikkje innmålt, men ligg primært langs eksisterande vegar.

Ettersom eksisterande pumpebrønn allereie har knapp kapasitet må den oppdimensjonerast for å dekke planlagt ny utbygging. Det vil bli nedsett ein kum for brannvatn som blir lett tilgjengeleg for brannvesenet ved pumpebrønne som ligg omlag midt i feltet. Det er foreløpig antatt å sette ned ein 6 m³ tank for brannvatn slik det vart gjort for ein del av det nærliggande feltet F26B som nyleg er utbygd. Endeleg storleik på tank, rørdimensjon, tilkomst, frostsikring, eventuell montering av pumpe m.m. vil bli avklart med kommunen/brannvesenet før søknad om løyve til tiltak for opparbeiding av tekniske anlegg.


Denne tanken vil vere eit supplement til eit større sløkkevassprosjekt for heile kommuneplanområdet.

Det er foreløpig antatt å legge 63 mm vassleidning i alle hovudtraseane i feltet. Utstikk til tomter blir utført med 32 mm pe slanger.

- 2.1. Vasskvaliteten skal dokumenterast basert på vassprøver.
- 2.2. Når eit overordna kommunalt anlegg for vatn er blitt etablert vil ein knyte anlegga i hyttefeltet til dette anlegget.

3. Spillvatn

3.1. Eksisterande avløpsanlegg i området:



Dei 4 eksisterande hyttene på området BFF 1 (mellom o_SV1 og f_SV4) har i dag løysingar med 2 stk. slamavskiljarar og ein tett tank for gråvatn. Slamavskiljar på gbnr. 61/75 ligg litt overfor pumpebrønna for vatn. Eigaren opplyser at avløpet frå slamavskiljaren blir leda til infiltrasjonsgrøft som ikkje har vore kontrollert etter at anlegget vart sett i drift for vel 30 år sidan. Dei vil knytte seg til nytt anlegg slik at eventuell fare for forureining av drikkevandet blir eliminert.

3.2. For området BFF 1 er det planlagt utbygd hovudleidningar for spillvatn av 160 mm pvc-rør med 110 mm utstikk til nye og eksisterande hytter. Alt spillvatnet i regulert område BFF 1 inkl. eksisterande hytter er planlagt leda til eit reinseanlegg på området BAV ved enden av veg f_SV 4 merka B.

3.3. På plankartet er det også antyda trasear for samling av spillvassavløpa frå dei etablerte hyttene på sørsida av veg f_SV 4 (områda BFF 2 – BFF 6) slik at dei kan etablere reinsing i framtida. Alternativt kan dei pumpe spillvatnet til reinseanlegget på området BAV som då må oppdimensjonast for å kunne ta i mot den ekstra avløpsmengda.

3.4. Det er planlagt i første omgang å sette ned eit reinseanlegg i området BAV (B) som tilfredstiller kommunen sine krav til reinsing med minimum kapasitet på 56 pe som er berekna utifrå 4 pe pr. bueining (10 nye hyttetomter + 4 eksisterande = totalt 14

bueiningar).

Ved søknad om utsleppsløyve skal det vurderast kva som blir den beste løysinga for handtering av det reinsa avløpsvatnet, f.eks. utslepp til bekk, infiltrasjonsgrøft eller anna tilfredsstillande løysing.

Ettersom bekken på austsida av reinseanlegget truleg ikkje har heilårs vassføring må avløpet frå reinseanlegget ledast til infiltrasjonsgrøft eller likeverdige reinseprosess.

Reinseanlegget må kunne oppdimensjonast når det framtidige feltet på nordsida av fylkesvegen og eventuelt eksisterande hytter sør i feltet (områda BFF 2 – BFF 6) blir tilknytt.

For å unngå skader på anlegget eller uønska utslepp av avløpsvatn ved ein eventuell flomsituasjon kan ein heve høgda på luker eller eventuelt legge anlegget på eit høgare nivå og pumpe avløpsvatnet inn på reinseanlegget.

Prøvetaking skal utførast iht. "Forskrift for utslepp frå separate avløpsanlegg i Sykkylven kommune".

- 3.5. Når det blir etablert eit overordna avløpssystem vil kommunen kreve at alle fritidsbustadane skal kople seg til det nye fellesanlegget.

Spillvatnet frå dette feltet må i såfall truleg pumpast opp til ei fellesleidning som leder til eit slikt reinseanlegg.

4. Overvatn

4.1. Alt overvatn og drensvatn er planlagt leda til terrenget eller mindre bekkefar i området.

4.2. Kommunen kan stille krav om fordrøyning av overvatn på tomtene slik at avrenninga ikkje aukar i høve til dagens situasjon.

4.3. Det må etablerast naudsynte stikkrenner gjennom vegane ved kryssande bekkefar og elles for å lede bort vatnet frå veggrøftene.

4.4. Flomvegar.

Det er avsett areal til ein flomveg langs bekken sør i feltet (VNV) og i tillegg kan veg f_SV4 og bekken vidare austover fungere som flomveg.

Det er elles god plass mellom hyttene og fall mot Nysætervatnet slik at det er liten fare for oppdemming av overvatn i området.

5. Vedlegg